

## **Innkomne uttalar frå høyring av melding om oppstart av verneprosess for utvida vern av Hålandsdalen naturreservat, Suldal kommune, Rogaland.**

Fylkesmannen sendte 19. februar 2016 melding om oppstart av verneprosess om utvida vern av Hålandsdalen naturreservat.

Det utvida vernet ligg nord for nåverande grense langs Tyssefjorden på eigedommane 159/1 og 159/2, og aust for nåverande grense, nord for Hålandselva på eigedommane 165/24, 165/1, 165/2 og 164/3, Suldal kommune.

Hålandsdalen naturreservat er i dag om lag 5718 daa, og er tenkt utvida med 818 daa skog mot nord langs Tyssefjorden og 542 daa skog mot aust. Årsaka til utvidinga av verneområdet er eit tilbod frå grunneigarar om frivillig skogvern etter gjeldande ordning.

Det kom i alt sju kommentarar på meldinga om oppstart av verneprosessen. I det fylgjande er fråsegna samanfatta, med kommentarar frå Fylkesmannen nedanfor:

**WWF-Norge** støttar utvidinga av Hålandsdalen naturreservat, og meiner det er eit godt område. Dei ønskjer å få saksdokument på e-post ved framtidige førespurnader.

**Fylkesmannen** tek fråsegna til orientering.

**Skogselskapet i Rogaland** støttar ordninga med frivillig vern, og er glade for at Fylkesmannen og grunneigarane har funne fram til ei minneleg løysing for vern av desse områda. Skogselskapet i Rogaland har ingen negative innvendingar iht. denne utvidinga av Hålandsdalen naturreservat, og takkar for høve til å gi innspel.

**Suldal elverk KF** registrerar at dei nye grensene kjem i konflikt med deira 22 kV luftlinje, som går gjennom gnr/bnr 164/3 i ei lengde på ca. 140 m. Suldal Elverk eig og drifta denne 22 kV linja. Når det gjeld drift er det viktig at Suldal Elverk får vedlikehalde denne traseen som linja går i ved å halde vegetasjonen nede, slik at han ikkje kjem for nære linja og fører til driftsfeil. Breidda på traseen er 16 m (8 m frå midtfase).

**Fylkesmannen** tek fråsegna til orientering, og vil innarbeide generelle føresegner i verneforskrifta for drift og vedlikehald av eksisterande kraftlinjer. Rydding utanfor ryddebeltet på vernetidspunktet, i dette høvet 16 m bredde, krev særskilt dispensasjon frå verneforskrifta.

**Direktoratet for mineralforvaltning** skriv i si fråsegn at tiltaket ikkje kjem i konflikt med mineralressursar av regional eller nasjonal verdi, og har derfor ingen merknader til melding om oppstart.

**Norges miljøvernforbund** takka for initiativet til utvidinga. Vidare ber dei i si fråsegn om at ei utviding av reservatet langs Tyssefjorden (gnr/bnr 159/2 og 159/1) også tek omsyn til/omfattar vassdragsnaturen oppstrøms den føreslåtte utvidinga i nedbørsfeltet som har utlaupsbekker gjennom det utvida reservatet, dvs. Longetjørn, Steintjørn, Fjæringstjørna og andre ikkje namngitte småtjørner.

**Fylkesmannen** – Det aktuelle området er ikkje omfatta av tilbodet frå grunneigarane. Endring av vassføringa i reservatet ved regulering utanfor reservatet er likevel ei endring som skal vurderast etter verneforskrifta og naturmangfaldlova.

**Kartverket** returnerte meldinga om oppstart og ber i brevet om at Fylkesmannen tydeleg merkar kva avdeling i kartverket som skal ha meldinga.

**Fylkesmannen** hadde sett pris på om Kartverket opplyste om dei ynskjer oppstartmelding og høyringsdokument i vernesaker, og i tilfelle kva avdeling. Fylkesmannen vil prøve å finne ut av dette før høyringa.

**Forsvarsbygg** syner til at dei har ansvar for å ivareta interessene til Forsvaret i denne type saker. Dei ber i si fråsegn om at det i føresegna går tydeleg fram at forbod mot motorisert ferdsel ikkje gjeld militære luftfartøy.

**Fylkesmannen** tek fråsegna til orientering, og har endra føresegna deretter (jf. §5 andre ledd bokstav a). Fylkesmannen viser elles til at unntaka frå ferdselsreglane som gjeld militær operativ verksemd er standardformuleringar godkjent på departementsnivå (jf. § 6 første ledd bokstav a).